



Sak nr 28/2013

Møtedato: 4.9.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S791

## S 791, Rensenn - ombygging av uthus

Kari-Ann Slåttsveen og Bjørn Haugen har gjort ein del restaureringsarbeid på uthuset. Arbeidet med skifting av tak vart avklara med fjellstyreleiaren som ikkje søknadspliktig før arbeidet tok til, men pga fuktskade vart det eit lagt meir omfattande restaureringsarbeid enn planlagt. Nærare orientering er lagt ved i eige brev datert 27.7.13 med tillegg av teikningar for ombyggd uthus.

Slåttsveen var i tvil om det ekstra arbeidet var søknadspliktig og tok kontakt med fjellstyret. Leiar i fjellstyret og fjelloppsynet var på befaring på stølen den 24.7.13. Det vart då opplyst at deler av uthuset i alle år hadde vore isolert og bruk som sel av tidlegare eigar. Selet på stølen vart leigd bort. Slåttsveen sa på befaringa at det var ynskjeleg at uthuset framleis kunne nyttast til "sel-funksjon". Slik bruk må i så fall godkjennast av både fjellstyret og kommunen og inntil dette vart avklara bad fjellstyret om at vidare arbeid vart stoppa.

I søknad til fjellstyret skriv Slåttsveen m.a. følgjande: *Innvendig vil det være samme rominndeling som før. Det er viktig å opprettholde rommene; samtidig som det pr i dag er lite behov for forhus da vi bruker forballer. Likevel ønsker vi i det vesentlige å opprettholde byggets funksjon. Noen rom i den ene delen har vært isolert (bu, bod og et lager). Det er fortsatt behov for at de samme rommene er isolert.* Det er gjort nærare greie for behovet for isolert rom i brev datert 1.9.13.

Det er ikkje søkt direkte om bruksendring, slik det var tale på befaringa. Samstundes står det at ein ynskjer å oppretthalde funksjonane i bygget. Det må tolkast dit at det blir søkt om å nytte dei isolert romma til "sel-funksjon" slik som før. Det vart opplyst på befaringa at det var behov for meir bu-areal til enn det som var i selet og det var ynskje om å bruke delar av uthuset til dette. Arealet på isolert areal (lager, bu og bod) er på ca 36 m<sup>2</sup> (BYA) etter vedlagt teikning. Fjellstyret behandla søknad om tilbygg på selet i 2008. Det vart då ikkje opplyst at deler av uthuset var ominnreidd til buføremål. Det hadde vore ei anna vurdering av om ein skulle tillate eit større areal på selet om ein hadde rekna med areal i uthuset.

Stølen er i bruk og saka skal behandlast etter § 10 i stølsforskriftene:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Dei vidare endringane som er gjort, endrar ikkje karakteren av bygget og det ser ut som eit uthus. Det er ikkje sett inn vindaug enno og på teikningane er det vist ni stk låge småruta vindaug. Ved å endre utforming av taket blir det ei betre utforming av uthuset enn før. Dette vart også tilrådd ved godkjenning av byggesak i 1976. Sidan det ikkje er vestleg endringar i utsjånad, er ikkje saka sendt til fylkeskommunen til uttale.

I sak 27/08 frårårde Statskog at det vart gjeve løyve til auka frå 59 m<sup>2</sup> (BYA) til 70 m<sup>2</sup> (BRA).

## Vedtak

Fjellstyret innvilger søknad om å gjøre vedlikehold og reparasjon av uthuset på stølen på Rensenn i følge vedlagte tegninger. Det presiseres at dette er et uthus, og ikke skal benyttes som sel eller ha noen form for varig opphold.

Vedtaket er einstemmig.

I følge fjellova §10 tek fjellstyrevedtak til å gjelde 4 veker etter at det er kunngjort.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.9.13

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Kari-Ann Slåttsveen og Bjørn Haugen, Vestre Slidre kommune, Statskog